



# KARANTENEUTVALGET

opprettet ved kgl.res. 7. oktober 2005

---

Morten Søberg

Vår dato	Deres dato	Vår referanse	Deres referanse
30.10.2013	16. 10.2013	13/3019	

## Avgjerd – Morten Søberg

Karanteneutvalet viser til melding frå deg 14. oktober 2013.

Karanteneutvalet har vedteke at du, ved å gå frå embete som statssekretær i Finansdepartementet til stilling som direktør for samfunnskontakt i SpareBank1 Gruppa, skal ha karantene i seks månader frå 16. oktober 2013 til og med 15. april 2014. Du er óg ilagt seks månader saksforbod frå 16. april 2014 til og med 15. oktober 2014.

Karanteneutvalet si grunngeving er at det ligg føre ein heilt konkret samanheng mellom ditt ansvarsområde som statssekretær i Finansdepartementet og stillinga som direktør for samfunnskontakt i SpareBank1 Gruppa. Karanteneutvalet legg til grunn at det vil kunne svekke tilliten til forvaltninga om du byrjar i stillinga rett etter at du sluttar i stillinga i Finansdepartementet. Saksforbодet gjeld sak om å fastsetje kriterier for systemviktige bankar, og avgjerd om kva for bankar som er systemviktige. Du kan ikkje representere verksemda i dette spørsmålet ovanfor Noregs Bank, Finansdepartementet og Finanstilsynet.

Karantene betyr at du ikkje kan byrja i stillinga i SpareBank1 Gruppa før etter seks månader etter at du har slutta i embetet som statssekretær. Det er ikkje høve til å ha faglig kontakt med verksemda i denne tida. Du skal ha full lønskompensasjon tilsvarande den løn du hadde da du slutta som statssekretær.

Karanteneutvalet minner om at politikaren, eit år etter å ha slutta i stillinga, har plikt til å informere om stillingar, verv og næringsverksemd m.v. som kan være problematisk i forhold til retningslinjene.

Med helsing

Erling Thormod Narum (e.f.)

Reidun Slåen

Karanteneutvalget  
Fornyings-, administrasjons- og kirke departementet  
Postboks 8004 Dep, 0030 OSLO  
Tel. 22 24 48 01/22 24 46 60  
E.post: postmottak@fad.dep.no

Kopi:

Finansdepartementet  
Statsministerens kontor  
SpareBank1 Gruppen